

Trude Tjensvold – Raud Volvo

Raud Volvo er ei hybrid utgiving for ungdom, og er ei blanding av teikneserie, bildebok og skjønnlitterær tekst. Vi følger Jenny som kjenner seg framand for bestevenninna Ann-Sofi etter sommarferien: Venninna heng alt med ungdommar på vidaregåande og har fått seg kjærast på 18, som køyrer bil. Jenny knekk ikkje heilt dei sosiale kodane og kjenner seg utrygg og barnsleg. Helst vil ho vere på den hemmelege staden sin i skogen, der ho teiknar og kikkar på fuglar. Men ho lengtar òg etter det nye, vaksnare livet venninna ser ut til å ha. Utan heilt å skjønne følgene, ordnar Jenny eit møte med den eldre guten med Volvoen. Det blir ei vond erfaring for Jenny. For korleis legge barndommen bak seg og samstundes setje grenser i møte med ein som veit kva han vil? Det er ekte liv vi les om her, ei jente som trør litt feil og som også opplever det verste sjølv. Lesaren blir fort sitjande å tenka vidare på denne boka. Og det gjer ho sterk.

Raud Volvo er tidvis vart og tidvis brutalt fortalt når Jenny sine erfaringar skildrast. Teksten har noko likeframt og enkelt ved seg, men er samstundes poetisk, og tek lesaren tett på Jenny si tankeverd. Illustrasjonane har ein lett, var strek og eit kresent, elegant fargeutval. Med små endringar skapar Tjensvold nyansar i illustrasjonane som løftar fram laga i ei historie som fortel om grensesetjing, gråsoner og lengt etter nye erfaringar. Komposisjonen syner ein erfaren visuell forteljar som nennsamt vel korleis historia berast fram: Nokre gonger er lesaren tett på orda, andre gonger er det bilde- og teikneserie-sekvensar som ber heile handlinga. Og når det verste skjer, finst det ikkje ord. Vekslinga skapar ein spanande dynamikk der lesaren får rom til å gå inn i eit vanskeleg tema på eigne premiss.

Trude Tjensvold er frå Stryn og er busett i Oslo. Ho er utdanna frå Chelsea College of Art and Design, har lang erfaring som illustratør og bildekunstnar og er medlem av illustrasjonskollektivet *Illustratørene*. I tillegg til formidling gjennom DKS underviser ho på fagutdanningar i feltet. I 2016 debuterte ho som forfattar med bildeboka *Bo flyttar ut*, som både blei nominert til Kulturdepartementet sin debutantpris for Barne- og ungdomslitteratur i 2016 og vann Gull i Visuelt 2017. I 2020 gav ho ut bildeboka *Bålet*, og i 2022 kom den kritikarroste teikneserieromanen *Raud Volvo*. Utgjevinga var blant anna ei av NORLA sine fokustitlar hausten 2022.

Trude Tjensvold mottok Ordknappen 2023 for *Raud Volvo*.



Leser søker bok